

Våge skule blir Mobilskole

Me ønskjer stadig å forbetra kommunikasjonen mellom skule og heim. No innfører me bruk av SMS for å kunne kommunisera raskare og meir effektivt. Ordninga vil supplera anna kommunikasjon og e-post, mellom anna ved hastemeldingar og viktig informasjon.

Eksempel på bruk:

- Send melding når barnet ditt er sjukt
- Få viktige påminningar og endringar frå skulen
- Skulen sender varsling-sms ved uforutsette hendingar

Meldingar frå skulen

I barneskulen går meldingar frå skulen berre til føresette. I ungdomsskulen kan meldingar gå frå skulen til elevane eller til føresette eller til begge.

Send SMS til kontaktlærer

Føresette kan no rapportera direkte til læraren i den klassen barnet går dersom barnet har fråvere. Dette skjer på følgjande måte:

For å melda frå om sjukt barn, sender føresette ein SMS med teksten **VAG klasse tekst til 03686**.

Etter forkortinga for skulenamnet er det viktig å leggja til klassen som barnet går i. Dersom det på skulen er bokstav bak klassenamnet må denne bokstaven også vera med i meldinga slik at rett lærar mottar meldinga.

Send SMS til 03686, og start meldinga med **VAG KLASSE**, f.eks. **VAG 3**

Døme: Om du har ein elev i 3. klasse kan meldinga sjå slik ut: **VAG 3 Per er sjuk i dag. Helsing Lise. Send meldinga til 03686**.

Viktige beskjedar på SMS

Sendte SMS vart loggført med dato, tid, telefonnummer og innhald. Me har på den måten full oversikt over all kommunikasjon som er sendt til skulen via mobil, og kan raskt og enkelt sjekka om meldinga frå heim til skule er ekte. Det er kun skulen som har tilgang på denne informasjonen og vil ikkje delast med utanforståande, etter gjeldande reglar frå Datatilsynet. Dette er eit gratis og frivillig tilbod frå skulen.

Ingen ekstrakostnad

Du betalar kun vanleg sms-takst når du nyttar denne tenesta.

Du kan lesa meir om mobilskole på: <http://www.mobilskole.no/>

Skulen sendar første testmelding via Mobilskole kort tid etter at denne informasjonen er distribuert til heimane.